

Idrettsminne:

Hendingar frå Velledalen

Fredrik Drabløs (Elling-Fredrik) var med i eit langrenn i sin ungdom. Rennet gjekk frå ungdomshuset, fram gjennom Brunstad- og Hologardane, over til La-sida og tilbake til ungdomshuset. Då alle var innkomne, forutan Fredrik, byrja folk å bli redde for han. Dei tenkte å sende ut folk for å leite etter han. Men så kom han endeleg.

Dei spurde kva som hadde hendt.

- Slekta mi i Jørn-garden på Hole bad meg inn på kaffi. Eg kunne ikkje godt seie nei, sa Fredrik.

Olav Drabløs (Elling-Olav) og Kåre Hole Drabløs (Bøtel-Kåre) var med i eit langrenn. Dei kom inn på nett same tid, tredje plass. Tredjepremien var seks fruktknivar i eit stativ. Kåre fekk knivane, Olav fekk stativet !

Ein gong i slutten av 1930-åra var det fotballkamp mellom Velledalen og Stranda. Kampen gjekk på Stranda. Vi var nokre jenter som sykla frå Fetstølen for å sjå kampen. Ein romsdaling som arbeidde i Velledalen var med på laget, og han var ganske god. Under kampen ropa vi som såg på: ”heia romsdaling, heia romsdaling!” Då var der nokon som sa til oss: ” Strandarane må ikkje få greie på at vi har ein romsdaling med på laget, så de må ikkje heie på han”.

Den tida skulle det vere berre ekte velledalingar med i Velledalen Fotballag. Tidene har forandra seg på den måten òg. No vert spelarane kjøpte og selde som krøter.

Oddrun Drabløs